



JØLSTER KOMMUNE

Tenestekontoret

Olje og energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT	
10/1970-21	
DATE	21.01.2011
AN	ERST

21.01.2011

Vår ref
SRØ 11/35 - 2

Dykkar ref

Arkiv
020, S00

Løpenummer
11/242

Høyring - ny lov om elsertifikat - uttale frå Jølster kommune

FSK-002/11 Vedtak:

Som grunnlag for uttalen syner ein til saksutgreiinga.

Regjeringa varslar med framlagde lovforslag "Lov om elsertifikat", ei satsing på produksjon av rein fornybar energi. Jølster kommune ser og behovet for å auke produksjonen av rein fornybar energi på ein klimavenleg og framtidsretta måte, og er samde med regjeringa at eit felles svensk- norsk sertifikatmarked er ein god måte å skape grunnlag for ei slik satsing.

Det er med grunngjeving i ovanfornemnde, med stor undring Jølster kommune ser at ordninga ikkje skal gjelde for dei anlegga som vart bygde i perioden 1. januar 2004 til 7. september 2009, med produksjon over 1 MW. Jølster kommune krev med dette at alle kraftverk som er i gang sette etter 1. januar 2004 blir sertifiserte gjennom ordninga med grøne sertifikat. Dette med grunnlag i dei forventningane som gjennom lang tid er skapt kring den varsla ordning med grøne sertifikat. Dette jfr. framlagde lovforslag om Lov om elsertifikat.

Med helsing

Svanhild Røkenes
Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

Vedlagt ligg kopi av saksutgreiing

Telefon:
57 72 61 00
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.01.2011	002/11	OKL

Sakshandsamar: Oddmund Klakegg	Arkiv: FE-020, FA-S00	Arkivsaknr 11/35
-----------------------------------	--------------------------	---------------------

Høyring - ny lov om elsertifikat

Saksdokument:

Høring – ny lov om elsertifikat, 08.12.2010.

Om lov om elsertifikat. Høringsnotat (forslag til lovvedtak) Olje- og energidepartementet dat. 08.12.2010.

Saksutgreiing:

Det er utsendt høyring på Lov om elsertifikat med høyringsfrist 01.02.2011. Lov om elsertifikat, dreia seg om eit regelverk for det som er omtalt som "Grønne sertifikat". Den 08.12.2010 vedtok regjeringa eit lovforslag om elsertifikat eller grønne sertifikat, etter meir ein 10 år med ulike forslag og vurderingar i høve innhaldet for ordninga. Grunngevinga for innføring av ordninga starta med ei St. meld. nr. 9 (2002 – 2003) felles norsk-svensk grønt sertifikatmarked for elkraft, og skal gje produsentar av fornybar energi eit ekstra prispåslag for å styrke økonomien samt utnytte eit kraftressurspotensial for auka produksjon av fornybar energi. Når det gjeld innhaldet for ordninga og intensjonane for ordninga, viser ein til lovforslaget med utfyllande kommentarar.

For Jølster kommune med stor aktivitet i høve utbygging og produksjon av fornybar energi gjennom mikro-, mini- og småkraftverk, samt eit stort naturgjeve potensial for utbygging av småkraft, vil ordninga få stor tyding. Men ordninga vil ikkje få tyding for dei kraftverka/ anlegga som vart bygde i perioden 1. januar 2004 til 7. september 2009, med produksjon over 1 MW. Dette gjeld blant anna for Bjørndalen Kraftverk og Meierifossen Kraftverk.

I det vidare vil ein freiste forklare utviklinga og potensialet for fornybar energi i Jølster kommune.

Jølster kommune som produsent av rein fornybar energi.

Jølster er ein fjellkommune med høgreforskjellar mellom 1827 m.o.h "Snønipa" til lågaste punkt ved "Stakkalefossen" på 55 m.o.h. Nedbørsmengda varierar mellom 1500 - 2000 m.m i

året. Kommunen er delt mellom to større vassdrag Jølstravassdraget i vest og Gloppenvassdraget i aust, vassdraga er ikkje verna mot kraftutbygging. Så tilhøva ligg godt til rette for utbyggingar av vasskraft, dette er og grunnen for den store interessa som har vore for utbygginga av små og mellomstore kraftverk. Frå midten av 1990 talet er det utbygd 10 kraftverk som er sett i produksjon, med ein samla årsproduksjon på vel 110 GWh. Det er no gjeve konsesjon eller omsøkt konsesjon for 16 anlegg som ikkje er bygde eller er under bygging. Pr. dat. er 4 nye anlegg under bygging, som til saman vil gje kring 100 GWh. Det største av kraftanlegga som er bygde i Jølster er Kjøsnesfjorden Kraftverk, dette anlegget vart sett i produksjon i 2010 og har ein produksjonskapasitet på vel 255 GWh. Med ferdig utbygging av dei anlegga som har fått konsesjon eller har søkt det, vil Jølster få ein samla produksjon på vel 700 GWh. I tillegg er det planlagd 6 andre små- og mellomstore kraftverk med eit samla produksjonspotensiale på kring 300 GWh. Men om utviklinga fortset som i dag, kan ytterlegare utbygging av småkraftverk startast opp for minst 15 til 20 anlegg til, med eit samla kraftpotensiale på nye 200 - 400 GWh. Med innføringa av ordninga med grøne sertifikat, vil potensialet klart vere realistisk å utnytte.

Om alle lønsame utbyggingar kan realiserast er sjølvst uvisst, og truleg heller ikkje ønskeleg grunna omsynet til ein sårbar og verdfull natur med påfølgjande uheldige miljøkonsekvensar. Men om utviklinga og ynskje storsamfunnet har for å nytte fornybar energi vil vedvare, vert truleg kraftproduksjon i Jølster fram mot 1000 GWh i løpet av ein 10-års periode. Om desse prognosane slær til, vil Jølster gå frå å vere ein liten og ubetydeleg kraftkommune til bli ein vesentleg kraftkommune i ein nasjonal samanheng. Denne utviklinga skapar sjølvst gode inntekter både for kommunen, men og for dei mange fallrettseigarane, samt ein stor og aktiv entreprenørstand. Men utviklinga skapar og arealutfordringar, både i høve sjølve kraftutbygginga med dei inngrepa dette inneber, men og i høve heile kraftinfrastrukturen i kommunen, der dagens linenett må ut- skiftast og oppgraderast. Noko som vil sei at alle høgspenlinene som er bygde i kommunen må rivast, og ny større liner må byggast med fleire og større transformeringspunkt. Dette er utbyggingar og investeringar på linenettet som må gjennomførast i løpet av svært kort tid (5-10 år). I tillegg må området få på plass eit kraftigare linenett ut av regionen og inn på det nasjonale linenettet, etter som regionen alt i dag har eit kraftoverskot. Resultat av dette vil truleg verte auka arealbruk, og visuelle konflikter i høve kommunen som bu- og leveområde, rekreasjonson- og turistkommune. Kommunen har og store utfordringar for å skape ei utvikling som ivareteke både omsynet til kraftinteressene, men og natur og reisleivsinteressene. Ei anna utfordring vi i Jølster har sett fokus på, som til no har vore lite påakta, er å sikre kraftinteressene i høve eit lokalt eigarskap. Dette har kommunen til no freista løyst med bruk av jord- og konsesjonslova, der fallrettseigarar berre får frådele fallrettar for bruk i kraftselskap som dei sjølve eig. Om ein ser dette i samheng med utviklinga i landbruket, er fallrettane rettast frå gardsbruka som på lik line med andre rettast og naturressursar, er ein del av driftsgrunnlaget. Ved å handheve delingsplikta og konsesjonsplikta for fallrettsleige styrkjer ein og krava for bu- og driveplikta på gardsbruka som igjen vil sikre bussetnad, inntekter og kapitaltilgang lokalt i heile kommunen.

Vurdering:

Med grunngjevinga i ovanfornemnde, prisar sjølvst Jølster kommune orninga med grøne sertifikat, velkomne. Men ein er noko undrande til at ordninga ikkje skal gjelde for vasskraftverk over 1 MW og som er bygde mellom 1. januar 2004 og 7. september 2009. Dette har stor tyding for to småkraftverk i Jølster kommune, Meierifossen Kraftverk AS i Årdalen og Bjørndalen Kraftverk AS i Sandalen. Alle som har bygd kraftverk sidan ordninga vart introdusert i 2004, har på mange måtar forventa at ordninga med grøne sertifikat skulle komme på plass, og gje verknad for den framtidige produksjonen av fornybar energi på deira

anlegg. Det er av den grunn med stor undring ein ser av tidlegare nemnde lovforslag, at Meierifossen Kraftverk AS og Bjørndalen Kraftverk AS ikkje vert fanga opp av ordninga med grøne sertifikat og prispåslag for produsert fornybar energi.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som grunnlag for uttalen syner ein til saksutgreiinga.

Regjeringa varslar med framlagde lovforslag "Lov om elsertifikat", ei satsing på produksjon av rein fornybar energi. Jølster kommune ser og behovet for å auke produksjonen av rein fornybar energi på ein klimavenleg og framtidsretta måte, og er samde med regjeringa at eit felles svensk- norsk sertifikatmarked er ein god måte å skape grunnlag for ei slik satsing.

Det er med grunngjeving i ovanfornemnde, med stor undring Jølster kommune ser at ordninga ikkje skal gjelde for dei anlegga som vart bygde i perioden 1. januar 2004 til 7. september 2009, med produksjon over 1 MW. Jølster kommune krev med dette at alle kraftverk som er i gang sette etter 1. januar 2004 blir sertifiserte gjennom ordninga med grøne sertifikat. Dette med grunnlag i dei forventningane som gjennom lang tid er skapt kring den varsla ordning med grøne sertifikat. Dette jfr. framlagde lovforslag om Lov om elsertifikat.

Handsaming i Formannskapet 18.01.2011:

Oddmund Klakegg SP gjekk frå som ugild, Jan Ove Flaten SP møtte i saka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK-002/11 Vedtak:

Som grunnlag for uttalen syner ein til saksutgreiinga.

Regjeringa varslar med framlagde lovforslag "Lov om elsertifikat", ei satsing på produksjon av rein fornybar energi. Jølster kommune ser og behovet for å auke produksjonen av rein fornybar energi på ein klimavenleg og framtidsretta måte, og er samde med regjeringa at eit felles svensk- norsk sertifikatmarked er ein god måte å skape grunnlag for ei slik satsing.

Det er med grunngjeving i ovanfornemnde, med stor undring Jølster kommune ser at ordninga ikkje skal gjelde for dei anlegga som vart bygde i perioden 1. januar 2004 til 7. september 2009, med produksjon over 1 MW. Jølster kommune krev med dette at alle kraftverk som er i gang sette etter 1. januar 2004 blir sertifiserte gjennom ordninga med grøne sertifikat. Dette med grunnlag i dei forventningane som gjennom lang tid er skapt kring den varsla ordning med grøne sertifikat. Dette jfr. framlagde lovforslag om Lov om elsertifikat.